

Samferdselsdepartementet
 Postboks 8010 DEP

0030 OSLO

Kjøp av regionale flyruter - overføring av ansvar til fylkeskommunen

I samband med Stortinget si handsaming av Innst. 385 S (2016-2017) om ny inndeling av regionalt folkevalt nivå 08.06.17 vedtok Stortinget m.a. at ordninga med kjøp av innanlandske flyruter vert overført til fylkeskommunane. Det er ikkje tenkt at ordninga skal vere ei lovpålagd oppgåve for fylkeskommunane, men at midlane som vert nytta til kjøp av regionale flyruter skal flyttast frå Samferdselsdepartementet sitt budsjett til rammetilskotet til fylkeskommunane.

I følgje Innst. 385 S (2016-2017) vil midlane bli overførte til rammetilskotet etter kvart som dei gjeldande kontraktane mellom Samferdselsdepartementet og flyselskapa går ut, sidan kontrakt-tidene går lenger enn 1. januar 2020. Dersom fylkeskommunane ønskjer det, kan det vere aktuelt at fylkeskommunane på annan måte overtek avtaleansvaret for dei gjeldande kontraktane.

Samferdsledepartementet har ansvaret for dei regionale flyrutene fram til 31.12.2019. Fylkes-utvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer ei avklaring frå Samferdsledepartementet om korleis den vedtekne overføringa av dette ansvarsområdet vil skje i høve til neste anbuds konkurranse, inkludert:

- Om Samferdsledepartementet har sett i gang/vil sette i gang prosessen med anbudsutlysing av nye kontraktar gjeldande frå 1. april 2020
- Prosessen omkring arbeidet med anbudsutlysing av nye kontraktar.
- På kva måte fylkeskommunen eventuelt vert involvert i arbeidet med nye kontraktar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har som utgangspunkt at vi ikkje kan sette i gang arbeid med anbudsprosessar innan eit område vi enno ikkje har ansvaret for. Først i januar 2020 er Sogn og Fjordane/Hordaland i posisjon til å sette i gang anbudsprosessar innanfor dette området. Dette er for seint med tanke på at gjeldande anbudskontraktar går ut 31. mars 2020. Vanlegvis har Samferdsledepartementet starta arbeidet med nye anbudskontraktar 2 år før dei tek til å gjelde.

Som eit minimum forventar fylkesutvalet å få tilbakemelding på når fylkeskommunen vil få nærare informasjon om overføringa av dette ansvarsområdet.

Med helsing

 Jenny Følling
 fylkesordfører

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Samferdselsdepartementet Postboks 8010 DEP 0030 OSLO